

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Hans K. Stenby og Torleiv Bergland
SAKA GJELD: **Administrasjonen si oppfølging av internrevisjonsrapport om forvaltning av tilskotsordningar i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2016/3339
STYRESAK: 139/16

STYREMØTE: 07.12. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar administrasjonen sine kommentarar til internrevisjonsrapporten om forvaltning av tilskotsordningar i Helse Vest til orientering, og ber om at tiltaka som vist i saka blir gjennomført.

Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ein gjennomgang av tilskotsordningar i Helse Vest med vekt på tildeling av tilskot til brukarorganisasjonane.

Internrevisjonen har i hovudsak vurdert ordninga som tilfredsstillande men peikar på at tildelingsprosessen i større grad bør vere dokumentert skriftleg.

Tilrådingane frå revisjonen blir foreslått følgt opp ved at det blir laga ein prosedyre kor dei ulike momenta som revisjonen løftar fram blir dokumentert.

Det er laga ein handlingsplan for dette.

Fakta

Helse Vest fordeler midlar til pasient- og brukarorganisasjonane for å støtte det viktige informasjons- og hjelpearbeidet desse gjer ovanfor medlemmane. Dette er tiltak som den offentlege helsetenesta ikkje driv, men som er viktige for kronikarar og andre for at dei skal meistre situasjonen sin best mogleg.

Helse Vest har kvart år sidan 2002 ytt tilskot til helsefremjande arbeid. I 2016 blei det fordelt 9 971 000 kroner fordelt på 105 organisasjonar.

I budsjettet til tilskotsordninga er det kvart år lagt inn ein auke - lik prisjusteringa (deflator). For året 2015 blei det i tillegg lagt inn 300 000 kroner ekstra. Tilskotsordninga er ikkje tilført midlar ut over dette.

Internrevisjonen legg i desember 2016 fram sak for styret i Helse Vest om tilskotsordningar.

Formålet til internrevisjonen har vore å kartlegge og vurdere om det er etablert tilstrekkeleg styring og kontroll med tildeling og kontroll med tilskotsordningane.

Revisjonen har særleg vore opptekne av ordninga som rettar seg mot brukarorganisasjonane.

Konklusjonen er at forvaltninga av ordninga med tilskot til brukarorganisasjonar i hovudsak er tilfredsstillande. Rutinane for – og gjennomføringa av – tildelingsprosessen bør likevel i større grad dokumenterast skriftleg.

Internrevisjonen har følgjande tilrådingar til Helse Vest:

- 1. Vi rår til at retningslinjene for tildeling av tilskot vert gjennomgått, og at det vert utarbeidd skriftlege rutinar for korleis og kor ofte retningslinjene for tilskotet - og kunngjeringspraksis - skal reviderast, og at desse rutinane vert lagt fram for overordna nivå for formell godkjenning.*
- 2. Det bør utarbeidast skriftlege rutinar for korleis søknads- og tildelingsprosessen skal gjennomførast, og at desse rutinane vert lagt fram for overordna nivå for formell godkjenning.*

3. Administrasjonen sin konklusjon om tildeling av tilskot bør dokumenterast i eit samledokument som vert signert av direktør med fullmakt (fagdirektør). Det bør vurderast om tildelinga skal sanksjonerast av eit overordna forum etter innstilling frå fagdirektør.
4. Det bør avklarast kor vidt tildeling av tilskotsmidlar til brukarorganisasjonar er eit enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova § 2, med tilhøyrande klagerett.
5. Det bør vurderast om det er hensiktsmessig å utarbeide ein rutine som sikrar at rapportering som vert motteke vert vurdert mot søknad og tildeling same år.

Kommentarar

Helse Vest vil i det følgjande knyta kommentarar til tilrådingane frå internrevisjonen.

1. Retningslinene for tildeling av tilskot til brukarorganisasjonar har blitt utarbeid i samarbeid mellom Helse Vest og det regionale brukarutvalet (RBU). Retningslinene har mange gonger vore lagt fram for RBU for informasjon og kvalitetssjekk. Dei regionale helseføretaka har i 2016 arbeidd for å komme fram til mest mogleg like retningsliner. Dette vart lagt fram for RBU 24.10.16.
2. Det er i dag enkle rutinar for søknads- og tildelingsprosessen som er blitt utforma i samarbeid med RBU og andre regionale helseføretak. Dei fyrste åra sendte søkjarane inn skriftlege søknader. Seinare er brukarorganisasjonane bedne om å søke elektronisk. Det er etter kvart stilt krav om at den einskilde organisasjon skal ha eit organisasjonsnummer. Det blir ikkje betalt ut midlar dersom årsmelding og årsrekneskap ikkje er lagt ved søknaden.
3. Tildelinga av tilskot til brukarorganisasjonane blir i dag handtert i fagavdelinga. Tildelinga blir sendt til rekneskapsavdelinga for utbetaling. Dette utgjer per i dag dokumentasjonen ved utbetalinga.
4. For mange år tilbake blei det avklart internt i Helse Vest at tildeling av tilskot til brukarorganisasjonar ikkje er eit enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova. Svarbrev til alle søkjarar inneheld mellom anna opplysning om at vedtak om tilskot, storleiken på tilskotet, eller avslag på søknaden, ikkje er eit enkeltvedtak. Søkjarane har såleis ikkje rett til å klage på vedtaket.
5. Det er svært få brukarorganisasjonar som får tildelt midlar som ikkje søker igjen. Helse Vest er kjend med éin organisasjon som har lagt ned verksemda si. Det hender også i nokre tilfelle at organisasjonar ikkje søker kvart år, men søker igjen ved seinare høve.

Årsmelding og årsrekneskap gir Helse Vest innsyn i korleis organisasjonen blir drive, omfang av aktiviteten, kva type aktivitetar som organisasjonen tilbyr og arbeider med, den økonomiske situasjonen til søkerar osv. Ved ny søknad blir såleis desse momenta ein del av grunnlaget i vurderinga av søkerane.

Vurdering

Det er i dag, som rapporten frå internrevisjonen omtaler, ein enkel og kostnadseffektiv behandling av tilskot til brukarorganisasjonane. Det er grunna i at det er mange

organisasjonar som søker og får mindre beløp. Samstundes er ein stor del av midlane blitt innretta mot tre større sentra (Funksjonshemmedes informasjonssenter) som blir drive av dei tre fylkeslaga til paraplyorganisasjonen FFO (Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon).

Til saman fekk desse tre organisasjonane 4,6 mill. kroner frå Helse Vest i 2016. FI-sentra tilbyr kontorlokale, møtelokale, tilgang til kopimaskin osv. – til dei einskilde særorganisasjonane som er medlem av FFO. Sekretærene som er tilsett i dei respektive fylkeslaga til FFO yter også utstrakt hjelp og bistand til særorganisasjonane. Helse Vest meiner såleis at kanalisering av midlar til FFO sine fylkeslag er ei hensiktsmessig og god utnytting av ressursane.

Helse Vest ser likevel behovet for ein tydelegare formalisering av regelverk og dokumentasjon av dei tildelingane som vert gitt.

Internrevisjonen sin gjennomgang blir sett som nyttig og dei tilrådingane som blir gitt vil styrke den formelle ramma for korleis tilskotsordninga overfor brukarorganisasjonane blir handtert i Helse Vest.

Det blir føreslått utarbeid éin prosedyre som spesifiserer:

- retningslinene/kriteria for tilskotsordninga – rutinar for endring
- rutinar for korleis søknads- og tildelingsprosessen skal gjennomførast
- dokumentasjon av tildeling
- kontroll av tidligare tildeling

Når det gjeld kor vidt tildelinga er å forstå som enkeltvedtak i forvaltningslova med tilhøyrande klagerett er det vurdert tidligare. Når internrevisjonen stiller spørsmål ved heimelsgrunnlaget vil det blir vurdert på nytt.

Som nemnt tidligare rår internrevisjonen til at det bør vurderast om det er hensiktsmessig å utarbeide ein rutine som sikrar at rapportering som vert motteke vert vurdert mot søknad og tildeling same år.

Manglande rapportering av tidligare tildelt tilskot er som vist ovanfor sjeldan. Ein rår likevel til at det blir etablert ei rutine som sikrar at rapportering som blir motteke blir vurdert mot søknad og tildeling same år.

Konklusjon

Tilrådingane går fram av vedlagte handlingsplan:

IR si tilråding	AD si vurdering	Tiltak	Tidsfrist	Ansvar	Status
Nr. 1	Imøtekomme tilrådinga frå revisjonen	Utarbeide éin felles prosedyre for søknads- og tildelingsprosess , jf. punkt ovanfor	31.12.2016	Fagavd.	
Nr. 2	Imøtekomme tilrådinga frå revisjonen	Utarbeide éin felles prosedyre for søknads- og tildelingsprosess , jf. punkt ovanfor	31.12.2016	Fagavd.	
Nr. 3	Imøtekomme tilrådinga frå revisjonen	Utarbeide éin felles prosedyre for søknads- og tildelingsprosess , jf. punkt ovanfor	Ved den årlege tildelinga (31.01.2016)	Fagavd.	
Nr. 4	Imøtekomme tilrådinga frå revisjonen	Vurdering av lovgrunnlaget	31.12.2016	Eigaravd.	
Nr. 5	Imøtekomme tilrådinga frå revisjonen	Utarbeide éin felles prosedyre for søknads- og tildelingsprosess , jf. punkt ovanfor	31.12.2016	Fagavd.	

Vedlegg:

1. Retningsliner for tildeling av tilskot til helsefremjande tiltak
2. Søknasskjema